

Forvaltingsreforma og fylkesvegansvaret: Maktfordeling, styringsdialog og samhandling

Einar Leknes og Brita Gjerstad



Problemstillingar og metode



Problemstillingar

- › I kva grad er intensjonane med forvaltingsreforma om overføring av politisk makt og myndigheit til regionalt folkevald nivå oppfylt?
- › Korleis utviklar den administrative samhandlinga mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen seg?
- › I kva utstrekning har auka samhandling mellom Statens Vegvesen og fylkeskommunane medverka til ein betra kontraktstrategi og lågare samla kostnadar?

Metode

- › Kvalitativ studie
 - dokumentgjennomgang
 - informantintervju
 - Analyse av datamateriale i forhold til teoretiske perspektiv og analysemodellar

Teoretiske perspektiv



I. Perspektiv på endring av arbeidsmåtar i organisasjonar


Institusjonar er stabile og vil motsetje seg endring, men eksterne forhold kan bidra til endring i etablert praksis og handlingsmønster

- *Statens vegvesen vil bli utfordra av eit regionalt folkevald organ som bestill tenestar og tek avgjersler*
- *fylkeskommunane må forholde seg til ein etat med lange tradisjonar, tung fagleg kompetanse og normer som vektlegg fagleg uavhengigheit*

II. Perspektiv på samanheng mellom politikktypar og samhandlingsformer

- Ein *standardiseringspolitikk* vil innebere lita grad av samtale og diskusjon mellom fylkesvegkontora og fylkeskommunane når politikken er vedtatt. Formelle ordningar som lover, regler, forskrifter og standardar sikrar gjennomføringa.
- Ein *samordningspolitikk* fungerer best når partane er avhengig av kvarandre for å gjennomføre tiltaka. Då er grunnlaget for dialog, drøfting og forhandling til stades.
- Forvaltingsreforma er ein stimulans for å dreie samferdslefeltet frå standardiseringspolitikk til samordningspolitikk

Analysemodell I



Er makt og myndighet overført til fylkeskommunen?



I. Administrative ressursar

Fylkeskommunen har fått ein stor auke i administrativ kapasitet gjennom auke i eigen administrasjon og bruk av sams vegadministrasjon, men det meste av fagkompetanse ligg hos fylkesvegkontora og regionvegsjefen

II. Økonomiske ressursar

Det vert nytta større økonomiske ressursar til fylkesvegnettet etter reforma enn før, men fylkeskommunane opplever at løyvingane ikkje er store nok til å stoppe forfallet på vegane, samt til å auke standarden og vedlikehaldet.


III. Formell myndigheit

Fylkeskommunen har det aller meste av den formelle myndigheita over fylkesvegnettet, men fylkesvegkontoret har myndigheit gjennom forvaltning av dei nasjonale standardane og sektoransvaret

IV. Konklusjon

Makta over fylkesvegnettet er **delt** mellom fylkeskommunane og fylkesvegkontora

Analysemodell II



Korleis har samhandlinga mellom fylkeskommunen og fylkesvegkontora utvikla seg?



I. Regulær møteverksemd mellom FK og SVV

Utgjer den grunnleggjande infrastrukturen i samhandlinga. Gjennomgang og rapportering av framdrift og økonomi. Bestillar og utførar. I hovudsak regel og avviksorientert. Hierarkisk prega

II. Samhandling om program, planar, prosjekt og enkeltsaker

Både samhandling basert på bestillar utførar-organisering (hierarkisk) og på dialog og konsultasjon (likeverdige)

III. Kontakt utanom møta

Dialog og løysingsorientert (likeverdige)

IV. Samordningsarbeid ved motsegn

Stor grad av autonomi hos fylkeskommunane og fylkesvegkontora og dermed dialog og løysingsorientert samhandling (likeverdige)

V. Konklusjon

Samhandlingsforma og forholdet mellom etatane varierer avhengig av kva kontakten konkret handlar om.

Både hierarkisk (regel og avviksorientert) og likeverdige (dialog og løysingsorientert)

Konklusjonar



I. Forvaltingsreforma implementert i tråd med intensjonane

Fylkeskommunen er ein sær engasjert vegeigar som bruker meir pengar og krev meir planlegging og raskare utbygging

Fylkesvegkontora har i stor grad klart å tilpassa seg til krava frå den nye vegeigaren

Det er stor variasjon mellom fylka når det gjeld korleis reforma er implementert

II. Produktiv maktfordeling mellom fylkeskommunen og fylkesvegkontora

Fylkeskommunen: Formell makt ved overordna styring og kontroll av framdrift og økonomi

Fylkesvegkontoret: Makt gjennom fagleg kompetanse, kapasitet og forvaltning av standardar

Bevegelse i retning av meir *samordningspolitikk*?

III. Samhandlinga prega av at fylkeskommunen og fylkesvegkontora er ulike

Er både hierarkisk (regel og avviksorientert) og likeverdig (dialog og løysingsorientert)

Fylkesvegkontora (statleg fagetat) og fylkeskommunen (regional politisk organisasjon) er framleis prega av å vere to sær ulike institusjonar som held på sine særtrekk

IV. Positive konsekvensar av regional folkevald styring

Positivt med ein engasjert regional vegeigar for fylkesvegkontora, men samstundes utfordrande for fylkeskommunen å «styre» sams vegadministrasjon

V. Demokrati og naudsynt byråkrati

Meir lokal politikk om mange saker, meir lokal forankring, men og meir saksførebuing og rapportering